

## Ein lur svenske

Sam, Ina og Kanon-farfar kjem seg over brua og bort frå trollet.

Brått høyrer dei nokon som græt.

«BUHU! Det är ingen som blir rädd för mig nu för tiden!»

Dei spring opp stien.

Bak ein haug sit ein liten, gammal mann.

Mannen har ein mikrofon.

Inne i fossen er det ein stor høgtalar.

«Derfrå kom brølet vi høyrde!» seier Ina.

Kanon-farfar begynner å le.

Han snur seg mot Sam og Ina og seier:

«Vi er komne til Sverige. Hels på vennen min Kaptein Lure-Leif!»

«Välkomna skall ni vara!» seier Kaptein Lure-Leif.

Kaptein Lure-Leif spør om dei skal kjøpe billig kjøtt.

«Nei, vi skal finne den hemmelege skatten,  
og redde biblioteket,» seier Ina.

«Min fru jobbar på biblioteket,» seier Lure-Leif.

«Kan vi besøkje henne?» spør Ina.

«Kanskje vi kan lese ei bok på svensk?»

«Självklart,» seier Kaptein Lure-Leif.



### Oppgåver:

Sjå Arbeidsboka side 52.

Gjer oppgåvene 2 og 3.